

Visitasforedrag ved bispevisitas i Hjelme og Blomvåg 22 – 27 mars 2022

Kjære kyrkjelyd!

Takk for ein flott visitas og innhaldsrike dagar. Det har vore inspirerande og godt å møta kyrkja i Hjelme og Blomvåg. Dette er den andre visitasen i Øygarden kommune og det er også den siste visitasen i dette prostiet som eg kjem til å ha i mi tid som biskop. Eg har møtt både sokneråd, fellesråd, kommune og dei kyrkjelege tilsette til gode samtalar om det kyrkjelege arbeidet i soknet.

Eg starta med å møte stab og kyrkjeverje til ei samling i Blomvåg kyrkje. Det er ei særskilt god stab de har her i Hjelme og Blomvåg. Alle arbeider for det same målet og etter visjonen de har her ; at alle skal kjenna seg elska av Gud og menneske i møte med kyrkja.

Eg har fått møte lokalsamfunnet i heile si bredde. I møtet med kommunen med ordfører, varaordfører, kommundirektør og kommunikasjonsjef kom det fram gode betraktnigar om samarbeidet med kyrkja, og vi fikk også kome med innspel. Det skal eg kome litt tilbake til.

Vi haldt fram med besøk på Dale Oen Experience. Det var sterkt å høre fortellinga frå elevane om kva eit slikt opplegg kan bety for den einskilde. Vi har hatt gudsteneste med Blomvåg skule. Det var eit imponerande opplegg skulen hadde førebudd, med flotte musikalske innslag.

Vi har også vore på omsorgssenteret, og har måttet «stå skulerett» framfor Tiande-klassingane i kulturhuset. Det var ein times nærmast ei forhør om kva biskopen meiner om det eine eller andre. Møte med rektor og lærerane på ungdomsskulen i etterkant var også interessant og viktig. Vi fikk også eit godt møte og god mat på Skjergardsheimen, før det sosiale høgdepunktet på visitasen kom - nemleg felleskapskveld i Hjelme kyrkje.

Eg tala der om at kyrkja skal ha både bredde og dybde, og eg må seie at det vi fekk oppleva der, med konkurranser, sang og Gospeltweens er noko som eg vil leva lenge på. Det var spesielt fint å møte ein så god felleskap med fleire generasjonar til stades, både barn, unge, foreldre, besteforeldre, og eg vil også tru at her var det nokre oldeforeldre.

Etter ein visitas skal biskopen summera opp sine inntrykk i eit visitasforedrag. Korleis er det med det kristne livet og kyrkja i Hjelme og Blomvåg ?

Visitasmeldinga

Det var ei god og innhaldsrik visitasmelding eg fekk tilsendt i god tid før visitasen

Utrå den meldinga og etter å ha møtt kyrkja her så vil eg seie først:

Det står svært bra til med kyrkja i Blomvåg og Hjelme

På det store samrådingsmøtet vi hadde på torsdag kveld, så gjekk vi gjennom nokon av dei viktigaste punkta i visitasmeldinga. Eg vil kome med nokre vurderingar knytt til nokre av desse punkta og da vil eg starta med

1 Gudstenestelivet

Gudstenesta er vår hovudsamling, her møtes me for å ære den treeinige Gud, men også for å treffe kvarandre. Her vi høyrer til og det er ei god vane å gå til gudsteneste for Guds skuld og for si eiga skuld.

Her i Hjelme og Blomvåg har de to kyrkjer, men de har eitt sokneråd og er soleis eitt sokn. Eg opplev at de har eit godt samhald og at det det ligg ei god einskap i botn. Det er viktig at folket kjenner på at dei har eit eigarforhold til alt som skjer i begge kyrkjene. Dei som bur i soknet har eitt kyrkjeleg tilbod med gudsteneste kvar søndag.

De har og fleire gode tilbod med t.d gospelkveld. De har kome med eit lite sukk at det er vanskeleg å få ungdomane til å koma på gudsteneste på søndag formiddag. De er vel ikkje dei einaste som kjenner på akkurat det, men kanskje ein av og til , til dømes ein eller tp gongar i semesteret kunne hatt ein gospelgudsteneste på ein søndag. Der kunne dei unge lettare blitt involvert.

2 Kyrkjemusikk

Det vi har møtt så langt av kyrkjemusikk har vore til glede og oppbygging. De har ei fokus på det rytmiske uttrykket i møte med barn og unge. På skulegudstenesten vart det nytta gode songar om Jesus . Dei står riktig nok

ikkje salmeboka, men dei skapte både engasjement og godt driv hos borna. De har og mange kompetente og engasjerte frivillige som vi har sett t.d i gospelteens- Tusen takk skal de ha for både gudstenesten i dag og kvelden på torsdag. Men de har også gospelkvelder, småbarnssang, og samarbeid med anna korarbeid. Eg må seie eg er imponert over Øystein som har ei så stor og variert kompetanse og generøs holdning til all type musikk. Dette kom til dømes fram da vi biskopens andakt på omsorgssenteret vart slutta av med å synge : La oss leve for hverandre, med klapping på eneran og treern.

Eg vil samstundes halde fram skatten i salmeboka vår, både melodiane og tekstande uttrykker eit mangfald av stemningar og innhald, både i dei gamle salmane men og dei nyare salmane og dei er det og mange av. Eg vil oppmoda alle til å gå på skattejakt i salmeboka, gjerne nytta dei med eit fornys rytmisk preg, men også ta vare på den klassiske salmetradisjonen slik at ein kan ha eit variert og godt mangfald.

3 Trusopplæring

Eg vil skryta av det gode arbeidet med trusopplæring de har i Hjelme og Blomvåg. Kombinasjonen med ein godt egna leirstad og gode tilbod til barn og unge er ei god match. Her får altså godt over brorparten av borna møte ungdomsleiarar og få oppleva felleskap og opplæring i den kristne trua, i ei flott ramme. Dette gjer at dei er godt kjende med kyrkjelyden når dei kjem til konfirmasjonstida. Men det er også viktig at dei kan bli kjende med dei flotte kyrkjebygga og at soknet kan møte, og få oppleva nokre av tiltaka gjennom familiegudstenester, slik som de til dømes har for tiåringane

4.Ungdomsarbeidet

I den nasjonale plan for trusopplæring står «Samarbeid med organisasjonane» som ein sentral dimensjon. Her har de gjort de gjort eit godt grep. Ein har KRIK-arrangement og samarbeid med ungdomsklubben «Refuel» knytt til Indremisjonsforbundet annankvar fredag. Det at ungdomane har eit tilbod kvar fredag er veldig bra. I tillegg har de eit skulelag knytt til Laget.

Både KRIK, IMF-UNG, og Laget har gode leirtilbod og eg vil oppmøde til å nytte dette tilboda. Det er viktig at ungdomane kan treffa fleire både frå distriktet og heile landet. Så har også kyrkja sitt eige opplegg med K2 og K2pp. Det er viktig

at dei unge og kan møtast i kyrkja og ha sitt eige arbeid. Det gode samspelet mellom desse to aksane gjer at de har eit robust og godt ungdomsarbeid .

- Og tenkje seg til : 17 stykker frå Ktopp skal reisa til Israel i påsken – Signetur.

I alt dette arbeidet står Hogne som den sentrale og trygge personen. Eg ber dykk ta godt vare på han og hans medarbeidarar gjennom bøn og omsorg.

5 Undervisning av vaksne

Vaksne treng òg trusopplæring og det vil alltid være behov for meir undervisande forkynning for vaksne enn det gudstenester kan gje. No er jo kyrkja her i en spesiell situasjon med mange naboar i organisasjonane som har gode tilbod. Kanskje all undervisning som skjer der, i større grad kan verte samordna og lansert som eitt tilbod, men på forskjellige plassar?

Andre gode naboer som ein kan sjå til og samarbeide om dette kan vere nabosokna. De har dyktige og kompetente prester her i kyrkja med både Espen og Knut, og det er bra folk også i nabosoknene. Her meiner eg det burde være mogleg å sjå om det er noko meir å hente.

De arbeider også systematisk med menighetsutvikling. Det synes eg er veldig bra. De har vald NAMU og det kjenner eg godt til og veit at også mange andre sokn er nøgde med det opplegget, ikkje minst at det å kunne ha ein mentor som kan sjå ting litt utanfrå.

De har arbeid med varme relasjonar og livsnære grupper. Det har ikkje vore så enkelt i korona tida å fylgje opp, men eg har fått forståing at de har ein godt og klart medvit om dette. Det kan og her vera mogeleg å tenkje noko meir systematisk om innhaldet og undervisninga for desse gruppene. Kanskje nokre av dei også kunne ha nokre tjenesteoppgåver t.d i trusopplæringa ? På den annan side er det viktig at desse gruppene også berre kan *vere felleskap* kor det berre er godt å vere og kvile.

Det er ikkje slik at eg meiner at de skal ha så mange fleire aktiviteter i denne kyrkja, men heller spørja om korleis vi kan gjera det på best mogeleg måte.

6. Diakoni

Det skjer mykje flott diakoni her i Hjelme og Blomvåg. De har ein engasjert diakoniarbeidar i Ellen som er god på heimebesøk og fellessamlingar, og som og har eit stort kontaktnettverk. Vi fikk høyre om eit samordningsmøte som nyleg fann stad der temaet var korleis de skal ta i mot flyktningane som kjem til Nautnes. Det er ein god ting å ha kontakt med bedehuset som ligg rett ved sida av.

Eg har tiltru til at flyktningane vil bli godt tatt vare på når dei kjem. De har og gode erfaringar med dette frå tidligare år. Flyktninganes behov vil vera å ha ein møteplass kor dei kan møte kvarandre og dela glede og sorger. Det er verdifullt at kyrkja og bedehuset kan hjelpe til med dette, i tillegg til alt det andre de kan.

I møtet med kommunen kom det og fram korleis diakonien kan ha ei utfyllande teneste i kommunen. Det er mange som fell utanfor i samfunnet vårt og den diakonale teneste kan spela ei rolle her. Ei diakonal satsing kan og utløyse enda fleir engasjerte frivillige. Eg vonar at den gode dialogen med kommunen om dette held fram, og dette vil jo uansett vere ei prioritert oppgåve også i soknet.

7. Misjon

Når det gjeld misjon er mi vurdering at de har eit aktiv misjonskjensle i soknet. Til og med to misjonsavtaler knytt til arbeid i Thailand. At konfirmantane også er med på dette er veldig bra

8 Gjevarteneste

De gir mykje til misjonsprosjekta, og det er også ei brukbar gjevartjeneste i soknet. Det er altså ei stor vilje til å gje penger. Eg trur nok at vi i framtida vil verta endå meir avhengige av innsamla midler til det vanlige arbeid i soknet, ikkje berre prosjektar. Denne vilja til å gje kan verta endå meir utfordra og utnytta i forkynninga og elles. De må synleggjere både det fine arbeidet som skjer og alle utfordringane. Diakoni og arbeid for barn og unge vil alltid kunne skape engasjement og gjevarglede hos folk. Det er veldig bra at de i fellesrådet har gode system for å møte dei som ønsker å gje pengar fast. Skattefritak kan ein til og med få.

9. Organisering

Etter kommunesammenslåinga fekk de også ei ny organisering i fellesrådet i Øygarden. Kommunen er tydelege på at dei ynskjer å forhalde seg til fellesrådet. Det er fellesrådet si oppgåva å foreta prioriteringar mellom sokna og det er fellesrådet som skal koma med innspel overfor kommunen. Eg er trygg med den dyktige leiinga de har i Annlaug og fellesrådets leder, så vil dette bli godt ivaretatt .

Fellesrådet har og vald å organisera dei tilsette, som ikkje er prestar, gjennom to linjer. Kvar tilsett høyrer til både eit sokneteam og ein seksjon som har eit fagleg og administrativt ansvar. Eg har stilt spørsmål om ein slik modell kan vera for krevjande når det gjeld kommunikasjon internt og at ein treng mange møter. Prestane skal jo passe inn i dette systemet også .

Men når de får prøvd dette ut i ei normal «etterkorona» -tid så vil ein gjera seg erfaringar og ta ei grundig evaluering korleis det heile har fungert.

10 Takk til kommunen

Det er ikkje lenge sidan vi var i Sund og møtte kommunen. Det var difor fint å få møte dykk igjen. Eg vil takka ordføraren og kommunen for ein god dialog, og for stor velvilje og forståing også når økonomien er stram. Det er flott at de ser kyrke sitt bidrag til å bygga eit godt lokalsamfunn og at ein utfordrar kyrkja på kva ein kan bidra med vidare. Vi har ei felles forståing av at Blomvåg kyrkje ikkje heilt klarer å romme alt som skjer, og dette til trass for at Kari Synnøve tek godt vare på ho, men dei bygningsmessige tilhøva kan nesten virke hemjande på kyrkjelivet. Det er ikkje plass til alle ! Eg sett pris på at kommunen gjev uttrykk for at dei også ser dette. Kanskje det er mogeleg om ikkje så mange år å få bygd ei ny kyrkje, men då nærrare Rong sentrum. Eg veljar å vere optimist.

Vi har og snakka om korleis vi saman kan ta vare på dei som fell utanfor og her er vi også optimistiske og trur på fortsatt gode dialogar og godt samspel omkring diakoni. De har t.d nemnt Basecamp som eit gode døme på godt samarbeid. Eg vil og seia takk til kommunen for at de går i gang med arbeidet med Fjell kyrkje og at de utvendig har tatt godt vare på Hjelme gamle kyrkje, sjølv om de kanskje ikkje vart heilt fornøgde med riksantikvarens malingstips.

Eg er trygg på at kyrkja og kommunen har ei god felles forståing av kva det vil seie både å vere kyrkje og å vere kommune

Takk

Til slutt vil eg seia takk for ein god visitas med mange gode opplevingar. Eg vil takka og alle som har vore med å skrive visitasmeldinga, den inneheld mykje god informasjon. Takk til presten, soknerådsleiar, kyrkjeverja, staben og teamet for god førebuing og gjennomføring. Takk også til prost Jan Tommy Fosse som har vore med å planlegga visitasen, og som denne gong fikk vera frisk og vera med. Han er biskopens utstrakte arm til sokna i Øygarden.

Og så nokre utfordringar til dykk, som oppsummerar denne visitasen. Om eit år vil eg ha ein rapport om korleis de har arbeidd med dette:

- Gå til gudsteneste regelmessig i begge kyrkjer, både for dykker eiga skuld og for å gje Guds ære
- Prøv å lage gospelgudstenester kor dei unge kan verta involverte
- Forsøk å få i stand kurs og undervisning for vaksne, gjerne i samspel med andre kyrkjelyder, organisasjonane og bibelgruppene.
- De må auke gjevartenesta med eit fokus på diakoni og barn og unge
- Arbeid for eit nytt kyrkjebygg på Rong
- Hald fram med alt det gode arbeidet de gje! Det er imponerande.

Og med desse utfordringane takkar eg for desse dagane!

Eg ynskjer Guds signing over folket og kyrkja i Hjelme og Blomvåg

Bjørgvin bispestol, 27. Mars 2022

Halvor Nordhaug